

Skodje – eit lokalsamfunn med MOT

MOT's mål er å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø, og dette er også eit viktig mål for Skodje kommune – den gode bukommunen.

I løpet av våren har Skodje kommune jobba med å utvide MOT-arbeidet, frå å vere eit tilbod på ungdomsskulen til også å bli synleg i ungdommane si fritid.

Ein MOT-butikk er opna på Gomerhuset. Butikken vert driven av ungdomsrådet.

Lag og organisasjonar har vore inviterte til MOTivatoriskulering, med målsetjing å gje vaksne verktoy til å drive holdnings-skapende arbeid overfor ungdom.

I sommar har både Skodje skulekorps og Skodje idrettslag underteikna «Aktiv Medspiller»-avtale. MOT vil derfor vere ekstra synleg for medlemmene i desse laga.

Les gjerne meir om MOT og Skodje kommune på www.mot.no.

NB: 28. oktober, akkurat eitt år etter at Skodje kommune vart eit lokalsamfunn med MOT, vert det arrangert ein ungdomskveld på Gomerhuset i samband med kulturveka.

Dersom du har spørsmål om MOT, eller kan tenkje deg å bidra til dette arbeidet, så ta gjerne kontakt med MOT-koordinator Malin Piegsa, malin.piegsa@skodje.kommune.no



Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011

Tida for valet nærmar seg fort. Måndag 12. september skal vi gå til røstelokala for å gje vår røyst til det partiet og dei politikarane som vi ynskjer skal representere oss dei neste 4 åra.

Det er mykje som tyder på at deltakinga vil bli større denne gongen. Hendingane 22. juli minte oss på kor viktig demokratiet er. Krigshandlingar og terror i midtausten og nordafrika viser kva enkelte styresett er i stand til å gjer mot sitt eige folk.

Foreløpige tal viser ei auke av førehandsrøyster. Det er positivt.

Eg vil så sterkt eg kan oppmøde alle røysteføre om å møte opp og gje si røyst på valdagen. Dei som vil røyste på førehand kan gjer det fram til og med fredag 9. september kl.15.00.

Godt val!

Med venleg helsing
Modolf Hareide
ordfører

Kulturpris og eldsjelpreis

Skodje kommune ynskjer forslag på kandidatar til kulturpris og eldsjelpreis.

Kulturprisen skal gå til personar eller organisasjonar som har fremja kulturarbeidet i kommunen.


Eldsjelprisen skal gå til personar som har ytt stor frivilljug innsats i kommunen.

På heimesida til Skodje kommune står det meir om statuttane for dei to prisane.

Framlegg til kandidatar skal sendast til Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje.

Frist: 1. november 2011.

Skatteoppkrevjaren informerer



Eit viktig delmål i skatteoppkrevjaren arbeid er å få skattytarane til å betale i rett tid. Den rettidige innbetalinga av restskatt auka frå 43,6 % for 2008 til 60,6 % for 2009. Dette er ei positiv utvikling, og syner ei klar betring av betalingsmoralen blant skattytarane.

Rettidig betaling

Betalt innan forfall.

Forseinka

Krav som er innbetalt etter forfall, men før tvangstiltak er sett i verk.

Tvangsinnfordra

Dette er krav som er betalt først etter at tvangstiltak er sett i verk, anten ved utpanting eller ved utleggstrekk i løn.

Aktiv restanse

Krav som framleis står ubetalt. Pr. 31.07.11 utgjør dette omlag kr 61 000,-.

Skodje bibliotek

Skodje bibliotek har no ope 5 dagar i veka:

Måndag: 12.00 - 16.00

Tysdag: 12.00 - 19.00

Onsdag: 12.00 - 16.00

Torsdag: 12.00 - 19.00

Fredag: 12.00 - 16.00

Velkommen til biblioteket!

Stadnamn på nett

No er stadnamn i Skodje tilgjengeleg på internet.

Gå til mr.kulturnett.no, klikk på «Søk i stadnamn», og velg fylke og kommune. Klikk «Søk» for ei liste med alle registrerte stadnamn.

Bruk kartknappen for å sjå stadnamna i Skodje i kartet.

Brøyting

Kommunal brøyting av private vegar i 2011/2012.

Dei som ynskjer å få sin private veg brøyt av Skodje kommune, kan søkje kommunen om dette innan 25.09.2011.

Vegen skal vere over 50 m og ha snuplass i enden.

Søknadsskjema får ein på servicekontoret, eller på skodje.kommune.no.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 9. desember. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 1. desember.

Tilgjengelegheitspris

Råd for funksjonshemma ynskjer å ha fokus på dei positive tinga som ulike verksemdar i kommunen gjer for at flest mogleg skal ha tilgjenge til og i lokala deira.

Rådet har difor valt å opprette ein tilgjengelegheitspris som skal delast ut til dei bedriftene som gjer ein ekstra innsats i høve til tilgjenge.

Følgande kriterier gjeld for tilgjengelegheitsprisen:

- At verksemda av mest muleg eige initiativ tilrettelegg slik at den er tilgjengeleg for folk flest
- At verksemda jobbar for at Skodje skal vere ei god kommune å bu i for alle

- At verksemda tilrettelegg på ein måte som kan vere til inspirasjon for andre

Prisen skal delast ut årleg, første gong no i 2011.

Alle innbyggjarar kan foreslå kandidatar, og frist for dette er 1. oktober 2011.

Send inn ei kort grunngjeving for kvifor din kandidat bør få prisen til:

Skodje kommune, servicekontoret, 6260 Skodje.

Prisen består av ein innramma diplom, blomar og omtale på heimesida til Skodje kommune.

Klar-ferdig-plastinnsamling!

I desse dagar får du tilsendt ein konvolutt med informasjonsmaterieil frå ÅRIM. Her kan du lese korleis du skal komme igang med plastinnsamlinga. Du får òg den første sekken til å samle plastemballasjen i.



Dette skjer

Skodjedagane

Lopper

2011

I samband med SkodjeDagane vert det også i år loppemarknad. Om du har gjenstandar du ikkje lenger har bruk for, men som andre kan ha glede og nytte av, tar vi gjerne i mot desse.

Det er mykje som passar på ein loppemarknad: Koppar og kar, sportsutstyr, bøker, teikneseriar, veggpynt osv. I år kan vi også ta imot møblar.

Større møblar, kvite- og brunevarer og klede kan vi diverre ikkje ta i mot.

Loppene kan leverast direkte i idrettshallen fredag 9. september mellom kl. 18 og 20.

Treng du hjelp til transport kan dette avtalast, helst nokre dagar på førehand, med Kjell Arne Moe, tlf. 977 09 353 eller Odd K. Enebakk, tlf. 952 21 004

Skodjerittet

10. september 2011

Sykkelløp for frivillige lag og tilsette i Skodje kommune

Start (Mål): Gomerhuset kl.14

Løype: Skodje - Fylling – Engesetdal - Stette – Straumen - Skodje

Reglement: Minimum tre personar per lag. Sykkellaget startar og sykklar i mål samla.

Premiering: Beste tid - "Kreativitetspris" - Beste heilagjeng

Påmelding innan fredag 9. september kl. 12 til

malin.piegsa@skodje.kommune.no

Oppgi namn på alle deltakarane og kontaktperson med e-post og telefonnummer.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no